



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Gunn Helen Henne  
Telefon: 57 65 51 37  
E-post: ghe@fmsf.no

Vår dato  
01.03.2011  
Dykkar dato  
18.01.2011

Vår referanse  
2011/277 - 542.0  
Dykkar referanse

Fiskeri- og kystdepartementet  
Postboks 8118 Dep  
0032 Oslo

## Høyring av forslag om auka individvekt for setjefisk

---

**Fylkesmannen i Sogn og Fjordane ser ikkje gevinsten i at alle anlegg i landet skal prøve dette i liten skala – at alle skal finne opp dette krutet samstundes. Det bør heller gjevast dispensasjon frå individvektgrensa for nokre få anlegg, som kan gjennomføre utprøvinga i kontrollerte former, med forsvarleg reinsing av utsleppa og andre ”normalvilkår” på plass.**

---

Vi viser til forslag frå Fiskeri- og kystdepartementet om endring i akvakulturforskrifta som opnar for auka individvekt for setjefisk, med svarfrist 1.3.11.

Bakgrunnen for forslaget om lengre landfase før utsett i sjø, er eit ønskje om redusert risiko for sjukdom og dødelegheit i oppdrett av laksefisk. Det vert også vist til redusert risiko for sjukdom, herunder lakselus, og rømming.

Setjefiskstorleiken er i dag vanlegvis godt under 100 gram. Dersom 20% av individa i eit setjefiskanlegg skal vekse inntil 1000 grams storleik, vil dette medføre ein auka biomasseproduksjon i anlegga nær opp til ei dobling i høve til i dag. Utsleppsløyva er gjeve ut frå ein viss produksjon, auke av produksjonen vil medføre behov for nytt løyve.

I Sogn og Fjordane har alle større setjefiskanlegg produksjonsavgrensing i høve til årleg biomasse. Det er også sett vilkår om reinsing av utsleppa frå dei større anlegga. Reinseanlegga er ikkje nødvendigvis dimensjonert for dei vassmengdene som tilleggsproduksjon av stor setjefisk vil medføre. Mindre anlegg har i dag ikkje reinsekrav. Mange av anlegga har utslepp til dårlege resipientar, som ikkje utan vidare kan omsette dubla ureinsa utslepp. Vi er usikre på om forslaget har vurdert om vanlege utsleppsvilkår skal gjelde også for foreslått utprøving, med det dette medfører av kostnader til reinseanlegg og tid til utbygging, eller om det er forventa at det skal gjevast dispensasjon frå vanlege utsleppsvilkår for å prøve ut produksjon av stor settefisk i ein såpass lang periode som 5-10 år.

Vi stiller spørsmål ved om rømmingsrisiko er tilstrekkeleg vurdert for eit slikt forslag. Setjefiskanlegga som skal nytte seg seg prøveordninga med stor setjefisk vil måtte auke det samla karvolumet sitt monaleg for å kunne huse fisken fram til 1000 gram. Ein enkel måte å auke opp raskt, vil vere å bygge på kara i høgda. Dette vil gje auka risiko for karbrot og rømming. Utbygging av nytt areal vil ta tid, og vere omfattande, jf. då at det vert naturleg å setje vilkår om at utsleppa skal reinsast. Ein del anlegg vil heller ikkje ha tilgang til tileggsareal.

Kortare tid i sjø for oppdrettsfisken gjev sjølv sagt også kortare tid med lus. Vi er usikre på om dette forslaget vil gje mindre lakselus for villfisk, ettersom det ikkje medfører mindre oppdrettsfisk i sjøen, berre raskare ”omløp” per sjøgenerasjon i produksjonen. Vi saknar ein

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 05  
Ora.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:  
post@fmsf.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

meir utførleg omtale av korleis dette forslaget skal kunne betre forholda for vill laks og sjøaure.

Vi antar at store delar av tilleggsproduksjonen vil skje på sjøvatn, men ser ikkje bort frå at også ferskvassforbruket vil auke. Mange anlegg har allereie med dagens produksjon knapt med vatn eller overskrid i periodar sine reguleringsløyve. Sterkare press på ferskvassressursane og tilhøyrande økosystem er ikkje tilrådeleg.

Vi ser ikkje gevinsten i at alle anlegg i landet skal prøve dette i liten skala – at alle skal finne opp dette krutet samstundes. Det bør heller gjevast dispensasjon frå individvektgrensa for nokre få anlegg, som kan gjennomføre utprøvinga i kontrollerte former, med forsvarleg reinsing av utsleppa og andre "normalvilkår" på plass.

Med helsing

Gøsta Hagenlund  
assisterande fylkesmiljøvernsjef

Gunn Helen Henne  
overingeniør

*Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.*

Kopi på e-post:  
Klima- og forurensningsdirektoratet  
Direktoratet for naturforvaltning